


Merknad til Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra – bevaring av natur- og kulturmiljø og idrettsanlegg

Viser til Reguleringsføreseger § 4 Føresegner til arealformål, heruder § 4.1.6 Idrettsanelegg og §5 Føresegner til omsynssoner

«§ 4.1.6 Idrettsanlegg (BIA)

Felt BIA skal ein nytte til umotorisert sjøsportanlegg. Tiltak som er tillate er kaianlegg, båtopptreksanlegg, båthus, klubbhus, garderober, båtlagringsanlegg og tilhøyrande tekniske anlegg og parkeringsplassar.»




Merknad:

Etablering av sjøsportsenter på begge sider av Skitnedalsvika dvs. Lyngholmen og Langeset vil medføra vesentleg forringing av dette området, ikkje minst i høve til nettopp ikkje-motorisert sjøsport. Kvaliteten med eit mest mogelg uberørt natur- og kystkulturmiljø må takast vare på så langt som mogeleg. Skitnedalsvika er vidare sårbar for forureing, har dårleg vassutskifting og botntilhøve som er lite eigna for denne typen utbygging og aktivitet.

Eit sjøportsanlegg bør difor flyttast ut av området.

Sjøsportanlegget slik det er illustrert i dokument 16. Illustrasjoner Sjøsportsenter er i konflikt med omsynssone H570_4, sjå eige merknadsdokument.

Det har tidlegare kome innspel om at plangrensene bør utvidast slik at Grønevika kan vurderast som lokasjon for sjøsportsenter (Steinar Hansen 04.05.15). Dette vart avvist med grunngjeving av at noverande område var sett av i framlegg til kommuneplan. Dette er ikkje riktig. Kommuneplanens arealdel viser areal til sjøsportsenter kun på sørsida av Skitnedalsvika og ikkje på begge sider av vika, med største inngrep på nordsida (Lyngholmen) i noverande planframlegg. Avviket mellom KPA og områdeplan på dette punktet er skildra i «29. Notat Avvik mellom områdeplan og kommuneplanens arealdel»



Ein betre eigna lokasjon for sjøsportsenter er i området kring Søre Eidevika. Flytting av anlegg vil gi følgjande fordelar i høve til løysing vist i plankart.

- Tilgang til Nordre Eidevika dermed til Kvernafjorden frå same lokalitet
- Kan kombinerast med hamn for fritidsbåtar langs Håøy og gje trygg samhandling mellom motorisert og umotorisert ferdsle på sjø.
- Felles brygge/bølgedempar (fritidsbåt på utsida / sjøsport på innsida) kan etablerast.
- Rehabilitering av eksisterande kaianlegg i Eidavika.
- Anlegget vil sikre tilkomst fram til Håøy i første byggetrinn og knyta sjø- og landbasert friluftsliv saman.
- Eidavika har reinare botn og betre vassutskifting enn Skitnedalsvika
- Eidavika er mindre utsett for islegging enn Skitnedalsvika
- Anlegg vil vera eigna for bading, fridykking og dykking (reinare botn, meir variert djupne, reinare vatn og meir marint liv)
- Unngå område med kulturminne på Lyngholmen (sjøbuer og 300m grav for tidligare skytebane)

Framlegg:

Vurdera alternativ og betre eigna plassering for sjøsportsenter for bevaring av natur- kulturmiljø. Finna ny plassering i området kring Søre Eidevika og om nødvendig utvide plangrenser for å oppnå dette.

Unngå konflikt med omsynssoner for kultur H570_4 og H570_3.

Endra områdekategori for arealet på Lyngholmen til Grønstruktur (G) eller Friområde (GF), samtidig som omsynssone H570_4 vert i vareteke og utvida, som skildra i eige merknadsdokument.

Eit eventuelt sjøsportanlegg på Lyngholmen, felt BIA som vist på plankart, må ikkje regulerast i konflikt med omsynssone for notebu/naust.